

17. mai

Noregs nasjonaldag

17. mai er Noregs nasjonaldag. Vi feirar at Noreg fekk si eiga grunnlov den 17. mai i 1814. Før 1814 hadde Noreg vore ein del av Danmark i over fire hundre år. Då var det den danske kongen som var den øvste sjefen i Noreg, og nordmenn måtte følgje lover som var vedtekne i Danmark. I 1814 skjedde det mykje i Europa, og nordmennene håpa på å kunna bli eit eige land med sine eigne lover.

Grunnlova blei skriven på Eidsvoll

I 1814 var 112 menn samla på Eidsvoll for å skrive Noregs grunnlov. Dei kom frå ulike stader i Noreg. Gruppa med alle mennene blei kalla Riksforsamlinga, og dei brukte seks veker på å skrive grunnlova. 17. mai var grunnlova ferdig, og ho blei underskriven av kong Christian Frederik. Derfor blir denne dagen kalla Noregs nasjonaldag.



Måleriet heiter Eidsvold 1814 og er måla av Oscar Wergeland. Kjelde: Wikipedia

17. mai er flaggdag

17. mai er fridag for skuleelevar og dei fleste vaksne. Det er ein offisiell flaggdag. Det betyr at alle bygningar som staten eller kommunen eig, må heise flagget den dagen. Det er mange private som også flaggar på 17. mai. Det norske flagget blei laga i 1821. Det har

17. mai – norsk nn

fridomsfargane: raudt, kvitt og blått. Krossen symboliserer at Noreg skulle vere eit kristent land.



Norske flagg, Foto: Vegard Ottervik på Pixabay



Det norske slottet. Foto: GK von Skodderheim Pixabay

Festklede

Det er vanleg å pynta seg med sine finaste klede på nasjonaldagen. Mange bruker også bunad eller andre nasjonaldrakter.

På 17. mai er det også talar og arrangement på skulane, i parkane eller i sentrum.

Barnetog



Barnetoget i Oslo framfor slottet. Kan du sjå kongefamilien på balkongen?
Foto: Wikimedia, Morten Johnsen



Blåruss og raudruss
Foto: Dimitri Valberg,

17. mai blir òg kalla barna sin dag. Over heile landet går skulebarna i tog. Dei viftar med flagg, ropar hurra og syng. Musikk-korpsa speler. Denne dagen er det mange som syng nasjonalsongen «Ja, vi elsker». Teksten til nasjonalsongen blei skriven av den kjente diktaren

Bjørnstjerne Bjørnson i 1859. I 1863 skreiv fetteren hans, Rikard Nordraak, melodien til nasjonalsongen.

Russefeiringa

Russen feirar at dei er ferdige på vidaregåande skule. Nokre av dei har gått på skulen i 13 år. Russen har på seg russedressar. På dressane skriv dei ofte helsingar til kvarandre med tusj. Russen har mange festar i mai. Mange har eigne bilar eller bussar som dei køyrer rundt i og spelar høyt musikk frå. Mange tullar også med lærarane sine og vekkjer dei grytidleg om morgonen den 17. mai. Mange stader går russen i eit eige tog der dei dansar, syng og syner fram morosame sketsjar.

Kongefamilien

Kongen i Noreg heiter kong Harald, og dronninga heiter dronning Sonja. Kongen, dronninga og resten av kongefamilien står på slottsbalkongen kvar einaste 17. mai og vinkar til barnetoget i Oslo.

Barnetoget går oppover hovudgata i Oslo, som heiter Karl Johans gate. Toget går forbi slottet, og alle barna og lærarane vinkar til kongefamilien. Kongefamilien vinkar tilbake. Det er over hundre skular som deltar i barnetoget i Oslo.



17. mai – norsk nn

Kongefamilien vinkar til barnetoget i Oslo. Frå venstre: prinsesse Ingrid Alexandra, prins Sverre Magnus, kronprinsesse Mette Marit, kronprins Haakon, dronning Sonja og kong Harald